



Stortingets utredningsseksjon

Dato: 03.04.2018

Vår ref.: 2018/9985-1

Saksbehandlar: Vibeke Lokøy

Tlf: 932 49 179

## Svar på førespurnad - Sakshandsamingstid for akvakultursøknader i Hordaland 2017

Vi syner til e-post frå stortingets utredningsseksjon av 15.03.2018 med spørsmål om sakshandsamingstid for akvakultursøknader hos fylkeskommunar og fylkesmenn.

I 2017 vart 76 søknader slutthandsama i Hordaland fylkeskommune.

### Ulike type saker

Vi deler inn i 3 forskjellige type saker

1. **Forenkla sakshandsaming**

Søknader der det ikkje er søkt om endring av areal eller biomasse på ein eksisterande lokalitet (til dømes søknad om samlokalisering, søknad om klarering av nye konsesjonsnummer på eksisterande lokaliteter etc.).

2. **Lokalitetsklarering, sjø:**

Søknader om lokalitet i sjø (søknad om ny lokalitet eller søknad om endring av areal eller biomasse på eksisterande lokalitet)

3. **Lokalitetsklarering, land:**


Søknader om lokalitet på land (søknad om ny lokalitet eller søknad om endring av areal eller biomasse på eksisterande lokalitet)

### Tidsfristar

Forskrift om samordning og tidsfristar i behandlingen av akvakultursøknader (FOR-2010-05-18-70), seier at kommunen har 12 vekers frist på å gi sin uttale, sektormyndighetene har 4 vekers frist på å handsame søknaden etter at dei har motteke den kommunale uttalen og fylkeskommunen har 4 veker på å slutthandsame søknaden. Inkludert 2 veker til kvalitetssikring av søknaden i startfasen av prosessen, har myndighetene totalt 22 veker på å handsame ein akvakultursøknad.


### Sakshandsamingstid

Figur 1 viser andelen av søknadene innanfor kvar kategori som er handsama innanfor den forskriftsfesta tidsfristen på 22 veker. For søknader om ny lokalitet eller endring på eksisterande lokalitet i sjø, vert 71 % av søknadene handsama innan fristen. For søknader om landbaserte anlegg er 40 % av søknadane handsama innan fristen.



Figur 1 Del av søknader i Hordaland som vert handsama innan 22-vekers fristen, fordelt på dei ulike sakstypane.

Det kan være til dels store variasjonar i tidsbruk frå sak til sak. Figur 2 viser variasjonen i tidsbruk for handsaming av søknader om lokalitetsklarering i sjø. I snitt brukte forvaltninga i Hordaland 18,3 veker på å handsame ein søknad om akvakulturlokalitet i sjø.



Figur 2 Total sakshandsamingstid for lokalitetsklarering sjø

Figur 3 viser sakshandsamingstida samanlagt, og fordelt på den enkelte myndigheit, for alle tre kategoriane av saker. Vi ser at søknader om landbaserte anlegg tar totalt i gjennomsnitt 9 veker lengre tid å handsame enn søknader om sjøbaserte anlegg. Desse søknadane tar lengre tid hos både kommunen, fylkesmannen, mattilsynet og fylkeskommunen. Når det gjeld søknader på sjøbaserte anlegg klarar alle etatane stort sett å holde seg innanfor sine forskriftsfesta tidsfristar.



Figur 3 gjennomsnittleg sakshandsamingstid for dei tre kategoriane av saker fordelt på dei ulike etatane

#### Tiltak for å få ned sakshandsamingstida

Innanfor dagens forvaltningssystem har vi følgjande forslag til tiltak som vil kunne redusere tida det tar å få handsama akvakultursaker i Hordaland:

- Revidere søknadsskjema og rettleiar til søknadsskjema, slik at desse vert tilpassa dagens situasjon.
- Auka ressursar til sakshandsaming av akvakultursøknader hos Fylkesmannen og Mattilsynet.
- Overføre meir av Akvakulturlova frå Fiskeridirektoratet til fylkeskommunane; Søknader om matfisk av laks og aure til særlege formål. Dispensasjon frå tildelingsforskriftene.

Ved ei eventuell endring av forvaltningssystemet har vi følgjande forslag som vil kunne få ned sakshandsamingstida:

- Overføring av fleire akvakulturoppgåver til fylkeskommunen. Vi viser til vedtak i fylkesutvalet i Hordaland 26.01.2017 om overføring av akvakulturoppgåver i samband med regionreforma på Vestlandet (vedlegg 1 og 2).

Sølve Dag Sundbø  
klima- og naturressurssjef

Vibeke Saure Lokøy  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.